

---

**Arkivkode:**

**Sak nr.:**

---

---

**FU-sak: 15/10**

**Møte: 18.05.10**

---

---

## **Studentaktiv forskning**

---

Studentrepresentantane har fremma eit til drøfting på Utdanningsutvalet sitt møte i mars 2010. Prorektor har samtykt i å nytta same notat i Forskningsutvalet. Ein ønskjer å få innspel på om til dei ulike ideane til kva som kan gjerast for å få fleire moglegheiter for studentaktiv forskning inn i utdanningane ved UiB.

### *Bakgrunn:*

Universitetet i Bergen (UiB) definerer seg som eit forskingsuniversitet<sup>1</sup>, og bør derfor ha som målsetjing at alle studentar allereie tidleg i studiet får eit klart innblikk i kva forskning er. Studentar på bachelornivå har i dag som regel svært lite innsikt i kva forskning som føregår innafor fagmiljøet deira. Det er brei semje blant studentar om at forskning bør vera ein naturleg del av universitetsutdanninga. Studentaktiv forskning vil vera eit viktig tiltak for å realisera dette, og heng tett saman med å vera eit forskingsuniversitet og det å tilby forskingsbasert utdanning. Studentaktiv forskning har brei støtte hos studentmassen, og har også blitt positivt mottatt av leiinga ved UiB.

### *Definisjon:*

Studentaktiv forskning er eit vidt omgrep som omfattar det å bli eksponert for forskning, å driva med eiga forskning, å bli rekruttert til forskingsprosjekt og å ha forskingsbasert undervisning. Formålet med studentaktiv forskning er at *alle* studentar skal ha innsikt i kva forskning er og korleis forskingsprosessane føregår. Studentar skal allereie frå første studieår ha eit aktivt forhold til faget sitt, og ha innsikt i forskinga innafor sitt fagmiljø. Forsking skal vera ein naturleg del av undervisinga, også på bachelornivå.

### *Døme på tiltak:*

Studentaktiv forskning omfattar mange ulike tiltak. Eit døme er at studentar deltar eller assisterer i eksisterande forskingsprosjekt, der hovudføremålet vil vera at studentane får innsikt i prosjektet og forskingsprosessen. Studentaktiv forskning kan også vera det at studentane under rettleiing driv eigne forskingsprosjekt, der ein arbeider etter vitskaplege metodar og prinsipp for å utvikla forståing for vitskapleg arbeid i praksis. I undervisningsopplegg kan ein organisera studentar i samarbeidsgrupper kor ein simulerer det å arbeida i ei forskingsgruppe ved å la studentane samarbeida om prosjekt, presentera

---

<sup>1</sup> "Studier og forskning" <http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/forskningsbasert-undervisning>

resultat og komma med tilbakemeldingar. Ein kan knyta bachelorstudentar til forskingsgrupper gjennom spesifikke fagtilbod, eller i tilknytning til bacheloroppgåva; gjerne med eit prosjekt studenten som kan vidareførast når studenten går vidare til masternivå.

Eksposering for forskning er også eit godt døme på tiltak. Ein kan invitera studentar som tilskodarar til forskingsgrupper for å gi innblikk i relevant forskning og forskingskvardagen. Forsking bør vera eit klart yrkesval for studentar på universitetet, men kva forskingsprosessen går ut på og korleis forskingskvardagen er organisert er ikkje klart blant studentar i dag. Eit slikt tiltak kan skapa meir medvit blant studentar om dette, og kan også vera med på å få opp interessa og medviten for forskning blant studentane. Eksposering av forskning kan også skje ved at undervisarar kan nytta døme frå og visa til relevant forskning.

### **Fordelar med studentaktiv forskning**

Studentaktiv forskning gir kunnskap og innsikt, og realiserer visjonen om forskingsbasert utdanning. Tiltaka vil dessutan på eit tidleg tidspunkt gi studentane innsikt i og motivasjon til å vurdere ei karriere innafor forskning. Studentaktiv forskning vil gi betre utdanningskvalitet, og realisera visjonen om å vera eit forskingsuniversitet ved at også bachelorutdanninga i større grad blir basert på forskning. Dette vil også kunna vera eit konkurransefortrinn som sikrar UiB dei beste og mest motiverte studentane. Studentaktiv forskning vil også kunna bidra til at studentane blir betre integrert i fagmiljøa sine, noko som kan redusera fråfallet. Tidleg eksposering for forskning kan dessutan føra til auka rekruttering til forskarutdanning, og at fleire studentar ser moglegheitene for å satsa vidare på forskning. For mange studentar er det noko uklart kva som eigentleg ligg i det å vera forskar; med meir studentaktiv forskning på bachelornivå vil fleire studentar kunna sjå på forskarutdanning som ein naturleg veg vidare etter fullført mastergrad.

### **Døme på studentaktiv forskning ved UiB**

#### *Samfunnsvitskapleg metode – MET102*

MET102 er eit obligatorisk emne i bachelorprogramma i mellom anna sosiologi og samanliknande politikk<sup>2</sup>. Emnet er ei innføring i samfunnsvitskapleg metode, her lærer studentane mellom anna om metode, forskningsteknikkar og forskingsetikk. Studentane skriv fire obligatoriske øvingsoppgåver, to i kvalitative og to i kvantitative metodar. Studentane gjennomfører eit kvalitativt intervju, og får på denne måten prøva ut det dei har lært om forskingsetikk og metode. Seinare i emnet samlar studentane sjølve inn data frå seminargruppa som dei nyttar i ei kvantitativ øvingsoppgåve. Dette gir studentane god innsikt, forståing og ei kjensle av at ein meistrar metodane ein les om. Dette er eit godt døme på studentaktiv forskning, og viser at det er fullt mogleg å integrera studentaktiv forskning i til dømes obligatoriske øvingsoppgåver og seminar.

#### *Perspektiv i nanovitskap- og teknologi – NANO100*

NANO100 var ein av vinnarane av Utdanningskvalitetsprisen for 2010<sup>3</sup>. NANO100 er eit obligatorisk emne i andresemesteret i bachelorprogrammet i nanoteknologi<sup>4</sup>. Nanoteknologi føreset at studentane har basiskunnskap i matematikk, kjemi og fysikk, og emneansvarleg

<sup>2</sup> "Samfunnsvitskapleg metode" <http://www.uib.no/emne/MET102>

<sup>3</sup> "Fikk Ugleprisen" <http://www.uib.no/form/nyheter/2010/02/fikk-ugleprisen>

<sup>4</sup> "Perspektiv i nanovitskap og –teknologi" <http://www.uib.no/NANO100>

Knut Børve har uttalt at faget stort sett er ukjent for dei som byrjar på studiet, og at det er vanskeleg å definera og konkretisera kva nanoteknologi er. Dette er utfordringar ein har løyst ved å integrera studentaktiv forskning i faget. Studentane hospiterer i forskingsgrupper, kor dei deltek som aktive observatørar og fører journal over dette. Deretter presenterer studentane det faglege innhaldet i forskingsprosjektet dei har vore knytt til for medstudentane.

#### *Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett – BIO300*

BIO300 vann Ugleprisen i 2009<sup>5</sup>, og er eit innføringsemne på masternivå på Institutt for biologi<sup>6</sup>. Studentane får innføring i forskning og forskingsmetodar, og emnet blir gjennomført i samarbeid med Bergen kommune. BIO300 blei tildelt Kunnskapsdepartementet sin utdanningskvalitetspris for 2009, her blei det mellom anna lagt vekt på samarbeidet med kommunen<sup>7</sup>. Studentane driv feltarbeid og tar vassprøvar for kommunen, som deretter blir analysert. På denne måten får studentane ei innføring i forskning på eit tidleg tidspunkt i masterprogrammet.

#### **Oppfordring**

UiB er eit forskingsuniversitet, og fleire emne har allereie element av studentaktiv forskning. Studentaktiv forskning må integrerast i fleire emne, og bør vera ein sjølvsgt del av og eit ideal å strekkja seg mot i alle utdanningar ved UiB. Me ønskjer derfor initiativ og innspel frå fag- og forskingsmiljøa med forslag til kva som kan gjerast for å få inn fleire moglegheiter for studentaktiv forskning ved UiB.

Utvalet får saka til drøfting.

---

<sup>5</sup> "Årets Uglepris overrakt" <http://www.uib.no/utdanning/nyheter/2009/02/aarets-uglepris-overrakt>

<sup>6</sup> "Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett" <http://www.uib.no/emne/BIO300>

<sup>7</sup> "BIO300 har alt!" <http://www.uib.no/bio/nyheter/2009/05/bio300-har-alt>

